


Intensivbelysning i gangfeltet ved busslomma.

07.04.2020



Intensivbelysning i gangfeltet ved busslomma er på plass.

Som ein del av trafikksikringa i Uskedalen er det montert intensivbelysning i gangfeltet ved busslomma i sentrum. Lyset var i bruk frå i går kveld, måndag 6. april. Frå før er det same gjort i vegkrysset i Korsneset og langs vegen ved Ospelunden. All montasje er gjort av BKK med Hans Ordin Østebø som prosjektansvarleg.

Intensiv belysning er ein del av trafikksikringstiltak i Uskedalen. To sidig belysning gjev langt betre sikt og tryggleik for den som er i gangfeltet.

Gravearbeidet i Korsneset er utført av Leganger maskin AS, montasje av veglys BKK Kvinnherad. Gravearbeid ved Uskedal skule er utført av Byggservice AS, montasje utført av BKK Kvinnherad

Anlegga er lysberekna og skal tilfredsstillast krava frå Statens vegvesen for denne typen veglysanlegg. Kvinnherad kommune er oppdragsgjevar. Fylkeskommunen driftar slike anlegg.

Trafikksikringstiltaka, som er og vort gjort i Uskedalen, er realisert med påtrykk mellom anna frå Uskedal skule ved FAU, barnehagen, Uskedal Utvikling og Korsneset Vel.

Ved revisjon av den kommunale trafikksikringsplanen er det viktig å få med naudsynte tiltak i Uskedalen. Oppstart av planarbeidet er kunnngjord.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Hans Ordin Østebø